



Foto: Statens Vegvesen

Per Ivar Kårstad, som har vore maskinførar i 15 år, rettar sterk kritikk mot muren i Ospelunden. Han har hatt det som oppgåve å byggja gråsteinsmurar og stillar seg kritisk både til HMS-arbeidet under byggjinga, murens tryggleik og utførelsen av han.

Han har også kritikk mot det estetiske som vitnar om lite respekt for naboar og bygda i sin heilheit. Kårstad godkjenner ikkje nabovarselet.

Kårstad er nærmaste nabo til prosjektet, men fekk nabovarsel 2 månader etterat arbeidet var starta og då var muren så å seie ferdig.

Han peikar mellom anna på at sålen ikkje er sprengt under steinen slik det vart opplyst. Det er pigga med meisel ein smal såle i botn som steinen ligg på i bakkant - med lausmassar i framkant.

Alle steinane er lagt den same vegen sjølv om dei bør leggjast vekselvis ut og inn for å låsa dei for utgliding. Eit anna spørsmål er om steinen er sterk nok i forhold til høgda,

I reguleringsplanen er det ikkje skreve noko om ein 9 meter høg mur langs hovudveg og dette er heller ikkje merka av på teikninga. I planen står det derimot at det skal utnemnast eit estetisk utval som passer at lokal byggeskikk vert overhalde. Men Kårstad kan ikkje sjå at det er følgt estetiske retningslinjer i det heile.

Han viser her til den flotte natursteinsmuren som er bygt langs gang og sykkelvegen Muren i Kleivadalen bryt på det grovaste med denne byggeskikken og minnar mest om ei tilfeldig steinur. Kårstad spør om det varsla estetiske utvalet vil setta ein mal for estetikk og vidareføring av muren.

Saka kjem opp i forvaltningskomiteen onsdag til veka, med synfaring klokka 10.15
Kårstad er ein av dei innkalte til synfaringa som skal ta 20 minuttter..

Tekst og NETT: Ola Matti Mathisen